

HOLMEIDE



Jacob Olsson Holmeide

var fødd i 1883 i Nordigarden på Holmeid. Han budde i Grays Harbor, ved havet sør for Seattle. Han hadde sønene Edward og Olaf.

Han var heime på 1950-talet, og han vart kalla «Amerika-Jacob».

Han har etterslekt i området sør for Seattle. Han døydde 1960.



Eit søk på Internett

tek meg til ei nettside der det arbeider ein kar som heiter Edward Holmeide. Eg tek kontakt med han, og får eit positivt svar. Han kjenner berre fire Holmeide, fortel han, det var bestefar Edward - som var veldig norsk - far Fredrik og bror Lars!

SPONÅS

Sponaas, Andrew A.	Head	R	20	nm	w	46
— Anna G.	wife-14			v	w	34
— Majnua A.	son			v	w	14
— Adman, G.	son			v	w	12
— Andrew, H. Jr.	son			v	w	8
— Roy, J.	son			v	w	6
— Ester, M.	daughter			v	w	12

Anders Andreasson Sponås tu Myrå under Sponåsen i Torjulvågen reiste til USA. Han var gift med Anna Johansdotter Haugvik frå Søgarden i Vasslia. Iflg. Hyldbakk fekk dei sju born. I US Census for 1930 ser ein over at fem er fødte. Dei budde da i Muskegon Hights i Michigan.



Anna og Andreas Sponås

Andreas døydde i 1967, og det ser ut til at kona Anna vart 109 år gammell! Gravlagt ved Mona View Cemetery, Muskegon, Michigan.

Men dei mista to av jentene sine da dei var små. Dotra Esther Sponaas Vasquez døydde 1979, sonen Andrew N. Sponaas i 1994 i Northridge, Los Angeles, California. Det er mange Sponaas i Muskegon, Michigan.



Grava til Knut Tingvold

TINGVOLD

Her er gravene til Øygardsnesfolket i Saskatchewan i Canada, Jakob Tingvold, død 1960, dotra Olga i 2010 og broren Knut i 1986.

Fire søsken utvandra frå Øygardsneset i denne generasjonen. Onkel Arnt og Eli kviler på Lakeview Cemetery, Eau Claire, Wisconsin.



Kjelder og foto: www.fosnakultur.no